



Styringsgruppa for kompensasjonsmidlane i
Hordaland ved Samarbeidsrådet for
Sunnhordland
Posboks 444
5403 STORD

Dato: 21.04.2016
Vår ref.: 2016/2443-3
Saksbehandlar: jonvoll
Dykkar ref.:

Kompensasjonsmidlar for auka arbeidsgjevaravgift; - rammer for utarbeiding av handlingsplan for 2015 og 2016

I fylkesutvalet si handsaming av sak PS 30/2016 den 29.01.2016, vart det vedteke nye retningslinjer for forvaltning av kompensasjonsmidlane for perioden 2015-2020. Det vart i tillegg vedteke at det blir gjennomført ei felles utlysning av kompensasjonsmidlane for 2015 og 2016. Saksframlegget med retningslinjene ligg vedlagt.

Av tildelingsbrevet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) går det fram at den statlege ramma for 2015 er på 28,7 mill kr, og for 2016 er på 14,7 mill. kr. Kopi av tilsegnsbrev er lagt ved. I tråd med tidlegare praksis blir opptente renter frå ikkje utbetalte kompensasjonsmidlar for tidlegare år lagt til disponibel ramme. Vidare vil vi vidareføre ordninga med å nytte delar av ramma til å styrke forvaltninga av kompensasjonsmidlane i fylkeskommunen. For 2015 og 2016 vil det bli samla nytta 1,6 mill kr til dette.

Samla gir dette følgjande økonomiske ramme for Plan for bruk av kompensasjonsmidlar for 2015 og 2016:

Statleg ramme for 2015:	kr 28.700.000
Statleg ramme for 2016:	kr 14.700.000
+ Renter for 2014:	kr 1.385.754
+ Renter for 2015:	kr 1.307.913
- Disponert til forvaltning 2015 og 2016:	kr 1.599.667
Netto disponibel ramme for 2016:	kr 44.494.000

Av fylkesrådmannen sitt saksframlegg (PS 30/2016) er det tilrådd som teneleg å justere styringsstrukturen. I perioden fram til 2014 har styringsgruppa vore samansett av ein næringslivsleiar samt ein personleg vararepresentant utpeika av NHO samt ordføraren frå kvar av dei sju kommunane. Eksisterande ordning med lokal representasjon vert vidareført, men ordninga med eit arbeidsutval i tillegg vert avvikla. Kommunane som er med i perioden 2015-2020 er Etne, Bømlo, Kvam, og Modalen.

Fylkesrådmannen vurderer det som viktig at Styringsgruppa som handsamer søknadane og innstiller vidare til Regionalt Næringsforum (RNF), har ein lokal forankring for å nå målsettinga om å sikre at prosjekta er forankra i lokale problemstillingar og prioriteringar. Dette er i samsvar med RNF si innstilling.

Det er viktig at det ikkje kan stillast spørsmål om habilitet ved tildelingar frå kompensasjonsordninga. Fylkeskommunen sine rutinar gjeld for tilsette, politikarar og andre som utfører tenester for fylkeskommunen, og rutinane er forankra i Forvaltningslova og Kommunelova. Dette er tydeleggjort i retningslinjene.

Det blir også pekt på at prosjekta skal ha ein klar bedriftsretta relevans. I den samanheng vil vi peike på strategiane i gjeldande næringsplan og dei tilhøyrande prioriterte innsatsområda i handlingsprogrammet for 2016.

Vi vil også vise til tildelingsbrevet frå KMD kor det heiter at departementet forutsett at fylkeskommunane prioriterar bedriftsretta tiltak med formål å utvikla arbeidsplassar og medverke til verdiskaping.

Informasjon om ordninga er lyst ut på <http://www.hordaland.no/komp>

Vi ser fram til eit godt samarbeid og ynskjer lukke til arbeidet med ein plan for bruk av kompensasjonsmidlane for 2015 og 2016.

Mette Nora Sætre
nærings sjef

Jon Erik Vollan
spesialrådgjevar

Vedlegg:

- Saksframlegg fylkesutvalet
- Tildelingsbrev KMD 2015
- Tildelingsbrev KMD 2016

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.